

Mobilinnsamling ein suksess

31.03.2012



Innsamlinga av utrangerte mobiltelefonar har vore ein suksess. I ettermiddag er det grunn til å tru at 1 000 telefonar er passert og det betyr ei inntekt på 35 000 for Kvinnherad Handballklubb som samarbeidar om tiltaket med Idrottsforbundet og Telenor. Klubben får 35 kroner for kvar telefon.

I dag fekk etternølarane sjansen ettersom det var innsamling i 2 timar på butikkar i Uskedalen, Valen, Husnes, Seimsfoss, Sæbøvik og i Rosendal. Det var også ei viss oppsøkjande verksemd på tampen.

Biletet over: Jan Tore Johnsen tok imot telefonar på Spar i Uskedalen og hadde fått inn eit titall i spesialpakka på halvannen time.

På det andre biletet er Merete Lillesand frå Husnes som har leia innsamlinga og uskedelingen Frida Nybakk,

Foto; Kristian Hus og Ola Matti Mathisen

